

Til Hordaland Fylkeskommune

25.05.2017

Hardanger Bordtennisklubb vil klaga på vedtaket om at me ikkje får støtte til Senior-NM i bordtennis 2017. Det er to årsaker til at me klagar.

- 1) **Argumentasjonen frå fylket:** «Fylkesutvalet legg vekt på at det vert søkt om støtte til annonsering og at slik støtte ikkje vert gitt.»  
Me søkte ikkje støtte til annonsering. Det stod ingenting om dette i søknaden, og me kan difor ikkje godta avslaget. Dersom fylkeskommunen ikkje vil gje oss støtte, må dei kome med ein annan grunn. Me gav fylkeskommunen tilbodet om å få til dømes annonse i programmet til NM, men det er noko heilt anna enn å søkja om støtte til annonsering.
- 2) **Lik handsaming.** Hordaland Fylkeskommune har gjeve 25 000,- i støtte til Strandebarm IL sitt NM i terrengløp. I vedtaket heiter det: «Fylkesutvalet legg vekt på at dette er det tredje Norgesmeisterskap Strandebarm IL arrangerer som viser tillit som arrangør. Løypestraseen er publikumsvenleg med god utsikt. Arrangementet bidreg til rekruttering både innan idretten og innanfor arrangementskompetanse.»  
Alle argumenta for å gje støtte til NM i terrengløp gjeld også NM i bordtennis. Me arrangerte også NM for tredje gong. I tillegg har me vore medarrangør av fleire NM. Me hadde eit publikumsvenleg arrangement, og arrangementet bidrog både til rekruttering innan idretten og innanfor arrangementskompetanse.

Slik me ser det er det ingen grunn til å handsama søknadane for dei to arrangementa ulikt. Me viser elles til at Kvam herad gav lik støtte til NM i bordtennis og NM i terrengløp. Me meiner det einaste rette er at fylkeskommunen gjer det same.

Med venleg helsing

Jack Feng  
Leiar